



Bjørn Olav Tveit, ein av 4 som heldt apell.

**Politisk streik er eit protestmiddel som sjeldan er brukt. Då det i ettermiddag var 2 timar politisk streik mot endringane i arbeidsmiljølova, hadde det ikkje skjedd sidan 1998. I samband med streiken var det markeringssamling i Husnes Storsenter. Det var svært stor oppslutnad, og mange uskedelingsar var til stades...**

Det var medlemmer i LO, Unio og YS, som representerer 1,5 millionar arbeidstakarar på landsbasis, som tok del i streiken. Dei meiner endringane vil føra til auka usikkerhet og mindre inkluderande arbeidsliv. Derfor protesterer dei m.a. mot auka bruk av midlertidige tilsetjingar, lengre arbeidsdagar, meir pålagt overtid og søndag som arbeidsdag for fleire.

På markeringa på Husnes var det tett i tett med folk frå svært mange yrkesgrupper, og frå heile Kvinnherad kommune. Det er verd å merka seg at også prestane deltok, og det er første gong det skjer.

På programmet stod apellar av fire engasjerte og dugande fagforreingsleiarar. Ein av dei var uskedelingen Bjørn Olav Tveit. Dei tre andre var Johnny Håvik, Bernth Harry Eliassen og Ørjan Normann. Dei dyktige musikarane i Humming Beez laga ei flott ramme rundt med tilpassa musikk i tre omgangar.



Flott musikk av Humming Beez.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland.